

## INU-FSF

# HANDLINGSPLAN FOR 2016 - 2021 (2018)

## 1 INNLEIING

### 1.1 BAKGRUNN

ESA godkjente 19. juli 2006 regjeringa sitt forslag om gjeninnføring av ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift frå og med 1. januar 2007. Dette inneber at store delar av landet fikk gjeninnført ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift, med same takst som dei hadde i 2003. Samtidig vart det klart at det var kommunar i delar av landet som ikkje vil nyte godt av gjeninnføringa eller vil få gjeninnført differensiert arbeidsgjevaravgift med høgare sats enn den som var gjeldande i 2003.

Dette regimet varte fram til 1. juli 2014, då eit nytt 7-årsregime med mindre endringar trådde i kraft. Hovudendringane var knytt til at bransjane el.kraft, finans og transport vart tekne ut av den geografisk avgrensa ordninga og kompensasjon vart organisert som direkte bransjerelaterte tiltak. 31 kommunar fikk i tillegg redusert arbeidsgjevaravgift.

Den differensierte arbeidsgjevaravgifta vert rekna ut på grunnlag av kor verksemda er lokalisert.

I Sogn og Fjordane er det differensiert arbeidsgjevaravgift i 23 av 26 kommunar. Dei tre kommunane som fortsatt vil ha høg avgift i perioden f.o.m 2015 er Førde, Sogndal og Flora.

## INU – FSF

Den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora

Det er venta at refusjonsordninga over Kap. 551, post 61 vil halde fram t.o.m 2018, men det føreligg framleis usikkerheit knytt til størrelsen på den årlege refusjonen.

## 2. POLITISKE FØRINGAR OG STØTTEREGELVERK

Det presiserast likevel at det er viktig å vidareføre dei positive erfaringane med eit sterkt engasjement frå næringslivet.

Innretninga av innsatsen i det einskilde fylket skal vere i tråd med mål og strategiar i regional plan for verdiskaping (Verdiskapingsplanen) for dei områda som er omfatta av ordninga.

KMD skriv i brev av 19.11.14 : «*Departementet kjem i løyvingsbrevet for 2015 til fylkeskommunane til å presisere at departementet legg til grunn at næringslivet og kommunane blir strekt involverte i arbeidet med korleis desse kompensasjonsmidlane skal brukast».*

I Sogn og Fjordane har vi frå etableringa av modellen hatt et regime med sterk næringslivsmedverkand.

## 2 PROSESS OG ORGANISERING

### 1. PROSESS

I Sogn og Fjordane har 23 av 26 kommunar differensiert arbeidsgjevaravgift. Bagatellmessig stønad er på 200.000 Euro over tre år, noko som i praksis betyr at omlag 20 verksemder i dei 3 kommunane vert råka av auka avgift.

Vedtekter for INU vart handsama og godkjent i Fylkestinget 18. april 2007, og det vart halde stiftingsmøte for den nye ordninga i Flåm 27. april.

### 2. STYRET

I Sogn og Fjordane har ein valt å organisere arbeidet gjennom ei foreining, som er registrert i einingsregisteret Brønnøysund som ei foreining (org.nr. 991 670 920) og der fylkeskommunen sin revisor også reviderer ordninga.

Fondet sine mål er;

- å stå som mottakar av alle næringsretta utviklingsmidlar som blir gitt som kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift for verksemder i kommunane Førde, Sogndal og Flora.
- å utarbeide retningslinjer for korleis denne kompensasjonsordninga best kan nyttast for å fremje næringsutvikling i desse kommunane, slik at

## INU – FSF

Den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora

- konkurranseulempa med bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift vert minst mogleg.
- å sjå til at fordelinga av midlar skjer i tråd med retningslinjer og føringar gitt av Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (KMD)
  
  - å styrke samarbeidet mellom offentleg og privat sektor i dei innvolverte kommunane, samt vidareføre det sterke næringslivsengasjementet som vart etablert under DAA-ordninga og underbyggje eit forsterka samarbeid mellom dei innvolverte kommunane, totalt sett.

I 2015/16 vil styret ha følgjande samansetting:

**Vidar Grønnevik, NHO – leiar**

**Kjetil Bjørset, Sparebanken Sogn og Fjordane**

Vara: Øyvind Berge, Berge & Co

**Odd Erik Gullaksen, Sunnfjord Hotel**

Vara: Peter Midthun, Firda Billag

**Agnar Strømsnes, Saga Fjordbase**

Vara: Kjell Ove Høydal, Fjord 1

**Mikael Johanson, Westcon Yard Florø**

Vara: Jørgen Agledal, West Industri Service

**Egil Mundal, Sogndal Fotball**

Vara: Sigrun Rygg, Jatak AS

**Hilmar Høl / Karen Marie Hjelmeseter, Sogn og Fjordane Fylkeskommune**

**Bengt Solheim-Olsen / Ola Teigen, Flora kommune**

**Olve Grotle, Førde kommune**

**Jarle Aarvoll, Sogndal kommune**

Sogn og Fjordane Fylkeskommune v/næringsavdelinga er observatørar i styret og ivaretok sakshandsaminga av søknader om løyving av midlar.. NHO Sogn og Fjordane har ansvar for sekretariatet.

### 3. VEDTEKTER OG RETNINGSLINJER

Foreninga har ikkje eigen kapitalbase. Kapitalen er dei midlane som fondet blir tildelt frå KMD og som er knytt til kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift knytt til verksemder i Førde, Sogndal og Flora. Fylkeskommunen har rapporteringsansvar i høve til KMD.

Årsmøte er øvste organ samansett av ein representant frå kvar av dei ramma verksemdene, ein representant frå kvar av dei ramma kommunane og ein representant frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Årsmøtet si oppgåve er å godkjenne styret sitt framlegg til handlingsplan for inneverande år og velje nye medlemmer til styret.

## INU – FSF

Den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora

Styret si oppgåve er å forvalte foreininga sine midlar i samsvar med føremål og vedtekter, og elles i samsvar med krav eller retningslinjer sett av KMD i samband med tildeling av midlane. I tillegg skal dei føre tilsyn med rekneskap og formueforvaltning.

Vedtektena er å finne på heimesidene til Sogn og Fjordane fylkeskommune, og NHO.

### **3. STRATEGI OG PRIORITERINGAR 2016 - 2021**

Ordninga skal virke avbøtande i.f.t at større verksemder i dei tre kommunane har ei konkurranseulempe samanlikna med mindre verksemder lokalt og næringslivet generelt i regionen. INU-FSF vektlegg at satsingane skal være resultatorientert i høve avbøtande effekt og langsiktige i høve prosjekt der dette er naudsynt i.f.t. størrelse eller uttak av resultateffekt.

Frå KMD er det presisert at INU-midlane skal ha addisjonalitetseffekt, d.v.s. at dei skal komme i tillegg til meir ordinære midlar i regi av der generelle virkemiddelapparatet, som IN og Kap. 5.5.1, post 60-midlar og ikkje i staden for desse.

INU-midlane skal bidra til etablering og utvikling av lokale og regionale næringsmiljø og innovasjonssystem som gir betre vilkår for auka verdiskaping. Målet er å stimulere til utvikling, nyskaping og auka kompetanse/næringsverksemd, med hovedfokus i dei tre råka kommunane. I arbeidet med handlingsplanen for 2016 - 2021 er det lagt vekt på å samordne prioriteringane med fylkeskommunen sin Verdiskapingsplan der dette er naturleg, jfr. bransjeunntak for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift.

INU-FSF legg vekt på å være ein samarbeidspart som aktivt skal bidra til at vedtekne prosjekt / aktivitetar skal oppnå best mulig nytte av ressursane som INU-FSF har til rådvelde.

**Refusjon i 2016 er fastsett til 22,2 mill. kr, der det årlige nivået i 2017 og 2018 er venta å være fallande.**

**Samla råme for 2016, inkludert renter og overførde midlar frå 2015 utgjer 24.285.421.**

#### **Innovasjon, nyskaping og kunnskapsbaserte næringer**

INU-FSF vil i planperioden prioritere søknader knytt til inkubasjon i regi av inkubatorordningane i fylket, nettverks/bransje-basert næringsutviklingsarbeid og søknader frå prosjekt/verksemder som på andre måtar bidreg til nyskaping.

## INU – FSF

Den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora

10 - 15 % av totalramma vert sett som indikativ løyving i planperioden.

### **Reiseliv**

INU-FSF vil i planperioden ha ei viss reiselivssatsing.

5 % av totalramma vert sett som indikativ løyving i planperioden.

### **Infrastruktur / Tettstedsutvikling**

INU-FSF set av midlar til tettstadsutvikling i kommunane Førde, Sogndal og Flora med ei fordeling som reflekterar den grunnlaget for kompenasjonen.

10 - 15 % av totalramma vert sett som indikativ løyving i planperioden.

### **Næringsretta infrastruktur**

INU-FSF vil i planperioden ha satsing på næringsretta infrastruktur som sitt hovudsatsingsområde. Dette skal bidra til å legge til rette for nyetableringar /ekspansjon i næringar som er arealkrevande og gjennom dette treng betydelig tilrettelegging v næringsretta infrastruktur skal prioriterast.

50 - 60 % av totalramma vert sett som indikativ løyving i planperioden.

### **Kompetanseutvikling**

INU-FSF vil i planperioden prioritere finansiering av næringsretta høgskulestudiar som treng lokal oppstartsfinansiering, samt utdanningstiltak som skal bidra til å gje utdanningssøkande ungdom i fylket åpning for breiare internasjonal kompetansemessig kontaktflate.

8 - 12 % av totalramma vert sett som indikativ løyving i planperioden.

Prosjekt eller løpende aktivitet som går over fleire år kan sakshandsamast, prioritert og løvvast i året sakshandsaminga skjer, eller gjevast ei delløyving dette året i tillegg til å verte innlagt i intensjonsmatrisa som er vist under, der framtidig ramme blir øyremerka med prioritet som skal være førande for framtidige løyvingar.

### **Bedriftsretta tiltak**

Deler av totalramma kan settast av til bedriftsretta tiltak, der midlane vert forvalta av Innovasjon Norge. Midlane er øyremerka verksemder i Førde, Flora og Sogndal, der dei råka verksemndene i desse kommunane skal gjevast prioritet. Innovasjon Norge skal rapportere bruken av midlane til INU-FSF.

5 % av totalramma vert sett som indikativ løyving i planperioden.

**Prioriterte midlar i perioden 2016 - 2021 (mill NOK)**

<b>Prosjekt</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>
Innovasjon & nyskaping	2,5 -3,7	1,5-2,2	1,0 - 1,5			
Reiseliv	1,25	0,75	0,5			
Tettstadsutvikling, øyremerka						
<i>Flora Kommune</i>	1,5	1,0	1,0			
<i>Førde Kommune</i>	1,5	1,0	1,0			
<i>Sogndal Kommune</i>	0,75	0,5	0,5			
Næringsretta infrastruktur	12,5 - 15,0	7,5 - 9,0	5,0 - 6,0			
Kompetanseutvikling	2,0 - 3,0	1,2-1,8	0,8 - 1,2			
Bedriftsretta tiltak	1,25	0,75	0,5			
Adm/styre/klagesaker	1,0	1,0	1,0			
<b>Sum</b>	24, 285	15,0	10,0			

Felt merka med blått er midlar som vert heldne attende av Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

**Sakshandsaming**

Midlar som INU-FSF får til rådvelde vert prioritert og tilrådd gjennom styrehandsaming og styrevedtak av den årlige handlingsplanen. Årsmøtet i INU-FSF handsamar handlingsplanen og gjer tilrådingsvedtak.

## INU – FSF

Den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora

Handlingsplanen vert politisk handsama av hovudutval for næring og kultur når vedtak føreligg kan løyvde midlar stillast til rådvelde for INU-FSF og lysast ut med søknadsfrist.

Midlar som skal sluttløyvast gjennom andre, t.d. Innovasjon Norge, vert løyvd direkte frå fylkeskommunen til desse i samsvar med kva som er nedfelt i den vedtekne handlingsplanen.

Søknader vert sendt elektronisk til sakshandsamar. Sogn og Fjordane fylkeskommune v/ næringsavdelinga er engasjert som sakshandsamar gjennom eiga avtale.

Sakshandsamar vurderar innkomne søknader opp i mot prioriteringane i handlingsplanen, retningslinjer frå KMD og EØS-regelverket, samt tilrår overfor styret i INU-FSF m.o.t. evt. løyving og føresetnadene for slik.

Ved avslutta prosjekt skal det sendast inn sluttrapport som sakshandsamar vurderer opp mot prosjektplan, kostnadskalkyle og rapporteringskrav.

Sakshandsamar rapporterer vidare i tråd med krav frå KMD.

Sogn og Fjordane fylkeskommune forvaltar kontantstraumen knytt til ordninga og mottatte, ikkje nytta midlar vert plassert på fylkeskommunen sine beste rentevilkår. Fylkeskommunen skal ved utgangen av kvart år presentere oversyn over kontantsituasjonen og renteavkastninga forrige år. Opptente renter tilfell INU-FSF.

Kostnader knytt til administrasjon, styrearbeid, møter og sakshandsaming vert budsjetter som eigen budsjettpost og vedteken som ein del av handlingsplanen. Regelverket set ein begrensing på slike kostnader til maksimalt 5% av den årlege ramma.